



# VALKORT

## Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015



Valstyret i Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10

5470 Rosendal

Krets	Rode	Side	Linje
0002	01	12	9
Fødselsår	Kommunennr.	Nummer i matrikulalet	
1954	1224	00000	
Namn	Eva Inger Thore Inge		



122400118315

Mottakar:

**Eva Inger Thore Inge**  
5463 USKEDALEN

Husk legitimasjon!

**Opningstider på valdagen:**  
13.09.2015 Kl. 12.00 - 16.00  
14.09.2015 Kl. 10.00 - 19.00

**Vallokale på valdagen er:**  
Rosendal-Gymsalen  
5470 Rosendal

Dato \_\_\_\_\_

Signatur til stemmemottakar \_\_\_\_\_

Riv av valkortet i perforeringa og ta det med til vallokalet

Demokratiet fungerer best når så mange som mogeleg brukar stemmeretten.

Det har vore sterke reaksjonar i bygda på at det ikkje vert mogeleg å røysta i Uskedalen ved det kommande valget. Mange er kraftig provoserte og seier dei vil boikotta heile valget. Eg kan forstå reaksjonane, men eg meiner ikkje det er løysinga. Det er viktig å delta og stemma. Vi må ikkje melda oss ut!



For 4 årsidan fekk Uskedalen flest i kommunestyret, Det ligg det diverre ikkje an til no.

Det er ikkje lagt opp til noko førehandsrøysting her i bygda. Vi må ut av bygda for å stemma. Dersom vi ikkje er i Rosendal valgdagen, meiner eg det er enklast for oss å nytta oss av førehandsrøysting. Den er alt i gang. For oss er det naturleg å gjera det på rådhuset i Rosendal eller på folkebiblioteket på Husnes. Det er også mogeleg på Øyatun skule og Hatlestrand skule.

Førehandsrøystinga vert gjennomført på same måte som røystinga valgdagen, men ein slepp stort sett unna kø. Det er også mogeleg å overføra kandidatar og gje ekstrastemmer om ein ønskjer. Hugs å ta med legitimasjon, og så er det greitt å ha med valgkortet som er blitt tilsendt i posten.

Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik treng å røysta heime, må melda frå om dette til valstyret ved ein enkel søknad.

Så får vi håpa at dystre spådommar om låg valdeltaking på grunn av valgordninga, ikkje slår til. Det er viktig at så mange som mogeleg legg si stemme i valgurna før valglokala stengjer valgdagen.

Etter valget håpar eg valgordninga vert grundig evaluert av valstyret slik Uskedal Utvikling også har ytra ønskje om. I vår datatid må det vera ei enkel sak å få fram bygdevis valdeltaking sjølv om det berre er 4 valkrinsar. Dersom ordninga fører til ei svært skeiv bygdevis fordeling, har den vorte årsak til eit demokratisk problem i vår vakre og vidstrakte kommune. Det er også viktig å vurdera korleis den slår ut på ulike aldersgrupper. Resultata av denne evalueringa må gjerast kjent for innbyggjarane.

Godt valg til alle. De kan røysta alt no!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland  
Nett(kart): Ola Matti Mathisen